Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. ~~Brynet~~ Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Imsland.

Emne: Brynet. Bygdelag: Vindastrandå.

Oppskr. av: Bernh. Skipevåg Gard: Rånnevik.

(adresse): Rånnevik. G.nr. 99 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige og høyrd av far.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Kvasstein. – Hein (heiden) er ein annan sort bryne – finare til bruk for oppsetjing av rake-barberknivar o. l.

2. Båe deler. Ikkje naturstein i bygda. Steinen kjem frå austlandet, men den beste brynesteinen kjem no frå Gotland Sverige. Fyre krigen vart her og innførd kunststein frå U. S. A.

3. Ja, fyrst slipt på slipestein og so kvesst med kvasstein. (Fyrste gongen, sorleg for å få „roå" vikke som legg seg for eggja etter slipinga.) Barberknivar vart sjeldan slipte, men kvesste med heiden.

4. Ja, far fortalde om tynsleljår og at dei og kunne vera kvasse. Slipestein og slipeljår vil eg tru kom hertil bygda for omlag 100 år sidan, men frå fyrst vart både slipeljår og tynsleljår brukt.

303

5. Nei, kjenner ikkje til nokk har høyrd noko til dette. Slipesteinen har alltid stande ved huset. +

6. Kunne vera so mange. Var det gode ljår og godt bet slo ein gjerne ei økt heil lenger med dei. Var ljåen ring og slåtten var hardbet kunde ein bruka 2-3 ljår til økta (kvar matøkt.)

7. Krosstein og mange bruka strøka attåt. Strøka var av likeadel. Ein strauk ljåen med strøka etter å ha kvest den, for å få finare egg i ljåen. Strøka hadde ein med heimanfrå og vart bruka år etter år.

8. Ljåen tas som regel av orvet når ein sliper, kva slag feste-greiner ein har. Når ein sliper held ein egga frå ljåen mot seg.

9. Stuttorvet sit ein inden av orvet med i skrittet og med føterne i kross når ein krosser ljåen. Langorvet sit ein enden med i marka under kvessinga.

10. Kåtedrolk, av tre, bjørk hell furu.

11. Det har eg ikkje set hell høyrd gjete.

12. Kvakken hengde bak etter ei livreim - slakkereim.

303
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13. Ja med vatn. Er det dogg
eller regn fukter steinen og
gjær seg sjølv. Folk som
ber steinen i boklomma, bruker
gjerne og spytter på den.
Ja, eg har endåtil sett ein
gammel mann, som drog steinen
over tunga, kvar gong han kvesste.

14. Nei, har ikkje høyrd det.

15. Nei ——— " ———

16. Nei. Kjenner ikkje til det

17. Ja var steinen hard, kan eg
minnast at far la han ei
tid i maurtuva.

18. Nei

19. Har ikkje høyrd det.

20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
303